



Snart kjem eit 71 meter lang skrog til Eidsvik. (Foto: Kjell Yri)

I dag skulle slepet av det 71 meter lange skroget frå Polen til Eidsvik i Uskedalen starta, men dårleg ver i Polen har seinka operasjonen.

Det opplyser dagleg leiar Svein Arne Eidsvik til uskedalen.no. tirsdag føremiddag. Viss transporten hadde starta tirsdag, ville den truleg vore framme her søndag. No skal starten i staden skje førstkommande søndag og då kjem skroget truleg fram neste fredag.

Dette er ei historisk hending for Eidsvik.

Dette vil bli den største fiskebåt som skipsbyggeriet nokon gong har bygt. Den havgåande båten skal leverast til reiarlaget Knester AS i Bekkjarvik i Austevoll for 130 millionar kroner til våren. Ein så stor jobb tyder at mellom 85 og 95 mann får nok å gjera og 53 av dei er fast tilsette ved Eidsvik.

Dette er og eit gjennombrot i ringnot-miljøet for den største produksjonsbedrifta i vår bygd.

Eidsvik har noe ein ordresreserve på 290 millionar og nok å gjera ut neste år.

Når båten til Austevoll er levert, kjem turen til ein 65 meter lang trålar som skal leverast til Skottland.